

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.
 Tilleggsspørsmål nr.
 Emne: Gamal engkultiv
 Oppskr. av: Sve Tjerkvatn
 (adresse): Hattfjellødel

Fylke: Nordland
 Herad: Hattfjellødel
 Bygdelag: Røsvatnet
 Gard: Tjerkvatn
 G.nr. 68 Br.nr. 2.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både etter eiga og andre sine røynsler
 B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Gamal engkultiv.

1. Ordet eng og utslåttar vert mykta i same meining som i spørjelista.

Desseutan vert eng kalla for heimejord og utslåttar for boteng.

Orda ekre og atklega vert bruka. Ein ekeråker er ein åker som har vore sådd korn grø; og så har denne åkeren vorte så tregrofull at ein har ikkje sett det likt å halda fram øyge lenger. Ein let fram derfor ligga atke eit år eller to eller fleire år. Men når ein stikkar å så korn, så ser ein ikkje frø i atklegget, det skal koma av seg sjølv. Første året ein høvskar graslet av denne åkeren - som for det meste er linbendel, vassarve og baldubri - kallar ein dette for ekra.

Det vert heldt for å vera kraftig for-
 innvalken baldubri.

Altså. det ein høvskar første gongen av ein slik åker som har sådd seg sjølv atk, kallar ein for "ekre", og åkeren for ein

2
"Åkeråker".

"Attlege". Vert bruka om utslåttar som ikkje vert slått kvart år.

Altså forske året slår ein utslåtten, året etter vert det ikkje slått for di utslåtten skal "kvila" seg, det skal koma meir gras året etter. Tredje året ein kjem og slår seier ein at ein slår "atlege".

Ulike namn for kvaliteten av enga bruka ein ikkje anna ord enn at ein sa der var "fjukkgras" og der var "glese" med gras eller at det var "skerapslått".

Ein sa "grovhog", og "småhog" for det som var fint.

Her har ikkje vore bruka stultovs-
gåar, og dei hadde ikkje nokre særskild namn
slik for utslåttane om det var vondt
å slå, anna dei sei det var godt eller
vondt å slå.

2. Rydding av slåtteng og utslåttar
vert gjort under laivving, og kinnne
og gjerost på andre tidel.

På utslåttane som ligg langt frå gard-
ane, og der det ikkje vert laivving, kinnne
dei hogga nekk nokre bjørker medan
dei slo gras, for at sola skulle skjere
alle skadar der graset var buidd ut-
over så det tørkast. Kvistane vert
då jamt berre hiva av slåttelandet
på bergknauser og vert liggande der og
rotne. Ein kalla det jamt for ein
kvistdonge. Derimot når ein samla
saman både kvist og heile tre, vert det
kalla for ein "vale" (fjukk l)
Ein sette stinson fyr - varme - på slike

3229

II

"valar". Sjølve arbeidet med å reinska opp, kalla ein for å "reinska eng". Oskar vart ikkje førd utover.

På enga tok ein opp små og store steinar. Derimot vart det like gjort på utslåttane, anna enn dei steinane som var lause vart kasta vekk.

3. Eng som var mykje morskassen måtte ein pløya oppatt. Ein sadde då høyfrø som ein samla opp sommar med bors frå låven og løene.

Det er vel borte ein 30-35 år sidan ein tok til å kjoja engfrø.

Skarv som ikkje dregde lenger, fekk ligga til dei sjølv sadde seg att. Første åra var det jammest like gras, men det kom seg i 3 og 4 eng-åra når enggrassen hadde fått spreidd seg.

4. Gjøfning av vassjuk jord vart og gjort i eldre tid. Men vatning av eng har ikkje vore gjort.

5. Det har aldri vore brukt å gjødsla utslåttane. Fommærke var jamt så stor at det ville verta i minste lagd om ein berte gjødsla tv.

Det var ikkje avgjort i forevegen kor stor part av vintergjødsla som skulle brukast til eng. Det var åkrane og potetlandet som avgjorde det. Hadde ein mykje åker, vart det mindre som kunne nytlast til enga, og hadde ein lite åker, vart det meir

P. 28

4
Gjødsel ein fekk bruka på eng.

All slag husdyrgjødsel vart bruka på eng. Enga vart gjødsla med ca 5-6 lass pr. dekar som det vanlege, og vert det erno, Somme kunne vel gjødsla med ein 7-8 lass pr. dekar.

Elles kunne dei vel vela frå ira for kor mange lass som skulle til på det og det stykket.

6. Trin ikkje det var vanleg at ein hadde noko særskild namn på eng som vart gjødsla med viltkjødsel. Truleg var det somme som så frå eng, eller høg frå frøeng.

7. Det er høit ikkjend at ein sette i utvise stik at gjødsla skulle siga utover engstykket, og likeins at ein la åkrane oppi hangane for å gjødsla engane nedanfor med det som seig frå åkerlappane.

8. Ein gjødsla engane helst om haustsk, bene hestegjødsel kunne ein kjøpa ut om vārane i rekvir. Kjøggjødsel ville ein i store somrar få så mykje att av i høyet når ein kjøpde ho ut om vārane.

Det vart nytta dei same reiskapane ved enggjødsling som ved åkergjødsling. Møkerleide var det vanlege for ein fekk vagnar. Det finst somme den dag i dag som ikkje har vagn, men som kjøper mjøka utover engane

3229

på slede. På sleden hadde dei ein karnn så mokra ikkje skulle reisa av. Moksledane var like oppå, det var ikkje nokk mellomrom mellom borda som på andre sledar.

Når dei kom ut på jorden tok dei karnnen av og la dei så mange mokedingar som dei ville ha av lasset. Det kunne vel vera frå 2 til 4.

Var dei fleire karar på garden spreidde den eine gjødala med den andre køyde. Vi seier at han "breidd moker". Dei første greipene eller "mokerzaflan" som vi seier var laga av tre med 3 tindar.

Sidan vart det heimsmiddede gafflar av jarn som kom i bruk. Dei og hadde 3 tindar.

Etter at mokra var utbreidd, var det å kjora ei droga av bjørker som var bundne saman for å smeltdra sünd gjødala.

Det finst somme som koyer ei slik "droga" med bjørker om trærstamane no og, var di dei ikkje har fått seg mose- og gjødalharv.

9. Husdyra fekk beita både utslåttar og eng hønt og vov. Vårbeitinga har i den seinare tid komne meir bort på enga. Det var ikkje for at enga og utslåttene skulle verta gjødala, men for di det var skort på gras andre stader, og likeins at dei hadde lite høy til innføring. Dei trudde ikkje at denne beitinga

6
korkje var til skade eller gagn for
enga. Alle engstykke vart i jamal
tid beita både vår og haust.

10. Engbeiting vert brukt alle stader
om haustane no og. Det er bene
den skilnaden at når det er slikt
regnver at engar vert så oppbløtt
så krøtera haldast derifrå for ikkje
å trakke landet så opp. Dessuten
vert det som er sådd til attlegg,
mykje godt gjerd inne for at kyme
ikkje skal trå det opp.

Første og andre års engar vert jant
gjødsla med mjølk for ein slepp
kyme på engar om haustane no, for
at ikkje "innsiddgraset" det er
finrotet, kløver o. sbb. ikkje så snart
skal gå av engar av for sterke arbeiting.

Vårbeiting er det mest skitt
på no, i alle fall for storfeet sitt
vedkomande. Derimot er det mein
at småfeet - sau og geit - får gå
på engar nokre dagar for det slepp
til skogs. Men det finst dei som
har alle krøtera gåande på engar om
vårane, både storfe, småfe og hest,
men då er det for di dei er heilt
forlause.

11. Det var reist sjeldan at ein
jamma utover storfegjødsla på
beita. Hende det at det vart gjort,
så var det jant i samband med
gjødslspreiing elles. Ein kunne

3229

Da sprutta „kølortrüsåsa“ ütover med „niobergaffeln“. Men det vart meir gjort å sprutta „hestlortrüsåsa“ ütover; for dei var jamt skone og gjekk bette sund.

Elles meinte vel dei fleste at det var ikkje så nøgje med dette, når ein sidan skulle kjøpa sund den krøtera ein hadde kjøpt frå fjøsa, med „bjørkologe“, så vart gjødsla nok finsmildra av det.

12. Krøtera overnatta ute i grindane. Leid grå hænsten og vart òver hadde ein dei i vinterfjøset. Sidan utslått tid, bygde mange seg sommarsjøer på „røra“ av heimgjordet, d. v. s. sett ved grusa av enge. Dei vart ikkje opprette ved utslåttene, - og heller ikkje hadde ein meir enn 1 fjøs. Utslåttene vart ikkje gjødsla frå fjøsa

13. Dei som ikkje hadde krøtera i fjøs, hadde dei i grindar. Og dei var jamt bundne der. Somme hadde vel snåpet for seg sjølv i andre grindar så dei ikkje skulle verte stanga.

Grindane vart flytte kvar dag. Ein hadde ein jamstain som ein stypehol i marka med for grindane, - og grindstålane var leveste så dei gjekk i hola - elles ville dei ikkje stå.

8
14. Grindane har vore vanleg ved Røsvatnet. Grindane var laga av ca 5 bord som var lagga i grindgjalane og nagla fast. Ein kunne ha frå fire til åtte grindar sette åt kvarandre eller så mykje krøker ein skulle ha i dei. Ein hadde då vidjer på grindgjalane og på dei vart faste grindane når ein ein sette dei åt kvarandre.

Dessutan kunde ein finna "sjölvvaksne vidjer" eller krøkar som var så runde at ein kalt grindgjalane saman med slike. Dei vart kalla for ei "harv".

Utslaktane vart ikkje "grindgjøtt", berre enge. Vi seier at ein brukar å "grindgjøtt".

Gjodula vart skruva utover når grindane vart flytta med ei "grindskruve". "Grindskruve" såg likeins ut som bilelet Norsk folkeminnelag har av "grindboke" frå Løv-Rana og Korgen.

No finst her ikkje gardar som brukar å grindgjøtt enge; men for ei 10-12 år sidan såg eg at det vart gjort på Stormes ved Røsvatnet. No er det berre samene ein gjev ha i grindar om nettene når dei ein og annan gongen vert teken ut skogen. Elles er det vanleg at samene ligg berre i skog og fjell heile sommaren.

15. Om ein sette opp fellemann

ved grindane er ikkje, men ein har høyrte rykte om at dei gjorde opp varme i norleiken ved grindane. Ein sin ikkje at det vart gjort kvar natt, men når roodgyplaga var som verst.

16. Folk låg på vakt ved grindane om natta i eit hus dei kalla for "grindhus". Ordet vart mytta den dag i dag om ein som har bygd seg dåleg og utekt hus; han har bygd seg "grindhus" seier dei.

Jakob Kvalbukt som er fødd 1858 kan ikkje minnst grindhusa. Men far og berdefar hans hadde sett og hatt dei i si tid.

17. Sjøstaurn fekk mat når han kom til grindane, som vart kalla for "grindmat". Grindmaten var sørmat. t. d. 1 melkkake, 1 tateskake, 1 brødbite, 1 kaksmei = brødkive. Dei fekk jamt beru sin av sortane t. d. ei kaksmei eller ei tateskake. Tateskake er det same som potetkake eller lompe. Grindmaten har halde seg mykje lenger fram gjennom tidene eller grindhusa, men er no borte.

18. Sænefjøs- og geitefjøs på hjul, utan golv, har dei på garden Tinnen ved Rørvatnet den dag i dag. For skulle det vera fleire som hadde det. Gjort vart drage utover enga eller kvart som

10
det vert skite^{grå}marka av lort.

19. Orda som vert nemnt or Fvav
Nasen si ordbok er iktjende her.

20. At slåttmarka på sokra var
inngjerdt er lite tulle. Eg har
ikkje høyr om det grå dei får
sokrane som var ved Rissmarka.
Folk hadde ikkje inngjerd
engja på heimegarden, og då kunne
det vel vera like som var in-
gjerd av søtervollane og.
Gjøddinga vert vel gjord på
sanne maten på sokra som
heime på gardane.

21. Tenge vert gjødd med oske
som dei hadde til overs, eller
at dei hadde laga seg titt til
kledesaking. Oske tok dei or
gruva og ordanane. Dei vende
ikkje oske bere for at dei skulle
få gjødd. Oska vert bere
eller vanleg oppverming og
koking inne i tuis.

Oska vert sådd ut med hendene
eller at dei helst hadde ein
spade eller ei aise dei kasta
oska utover marka med.


Slutt.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
 ADR. NORSK FOLKEHUSEM.
 BYGDGY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bötta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Nr 5. Vassbæring.

Det er ingen i mi bygd som kjenner at ein har bore vatn på denne måten.

Nr. 12.

Det er ingen som har høyr om eller sett at nokon har bruka slikt til brensel.

Arne Finsterwold
 Hallfjelldal.